

## **Våte kler, byttekler og merking....**

Året starta med noko mørkt, vått og trist vèr. Me må atter ein gong minna om at de sjekkar klea kvar dag når de hentar. 60 våte regnkler som heng side om side er vanskelig å få tørre til neste dag. Undersøk om dei må heim på ettermiddagen. Det er ikkje så kjekt å bli ringt opp på jobb om at de må komma med tørre kler, ikkje er det kjekt å ringa heller.... Sjekk også byttekorga, ligg det nok byttekler der? Og husk å merka. Vart mykje peikefinger her, men me brukar fryktelig mykje tid på kler som er våte eller som ikkje er der. Ha alltid både regnkler og dress klare til bruk i barnehagen, stølvar og no vintersko, ullkler innerst (for dei som tåler det) og varmekler til å ha under regnkler og dress. Godt merka våtter og hanskar er også lurt i desse månadane. Fint om de kan prøve å ha dette i orden så kan me bruka meir tid på barna dykkar.

Me er ute kvar dag og blir våte kler hengande i barnehagen til neste dag så er det desse klea borna må ta på når dei skal ut å leike. Det er ikkje kjekt og ikkje godt for barnet. Sjekk difor alltid klea og byttekorga før de går heim for dagen.

Her kjem eit tips til kva som er lurt å ha i byttekorga no vinterstid:

- 2 truser
- 2 trøyer (helst ull)
- 2 stilongser/strømpebukser (helst ull)
- 2 par sokkar
- 2 par ullsokkar
- 2 bukser
- 2 stk genser (inne)
- 2 stk varme genser og bukser(ute) (ull/fleece)
- 2 par vottar/hanskar
- 2 huer
- 1 vinterdress m/strikk
- 1 sett regntøy m/strikk

Håpar lista kan vera til hjelp, slik at den kan bruka den til kontroll-liste når de sjekkar byttekorga.

Me ynskjer alltid ”barns beste” difor kjem denne problemstillinga opp att no. Håpar de kan hjelpa oss med å gi borna ein best mogleg kvardag i barnehagen.

Mvh personalet i barnehagen